

mune, som er medeier i anlegget, brenner matavfallet på Heimdal, fordi det er billigere og fordi det ikke gir noen

EGIL HERSLETH  
09.05.12

skal gjøre det lettere å kom og trygd samt jobbstr

# Fru Frau

Fru Frau er heilt på jordet igjen no om dagen. Det luktar vår rett og slett. Samtidig held også fru eller Frau Holle på med vårpussen. Det kjem framleis litt kvitt frå himmelen enkelte stader.

Er det nokon samanheng mellom fru og frau da? Dette må vi luktet litt på. Vi seier jo fru(e) på norsk der ein seier Frau på tysk. Det er den vanlege samanhengen mellom u i norsk og au i høgtysk. Den germanske lange u-en blei diftongert i høgtysk, dvs. u > au. Derfor har vi hus og mus, mens ein på tysk har Haus og Maus. Hanseatane, som prata nedertysk, så fruwe eller fru. Etter kvart kom vrouwe inn, som blei til Frau i moderne tysk. Gammalnorsk hadde elles også freyja.

Frua i huset er sjølv sagt ei ærverdig kvinne. Det germanske \*fraujón tydde rett og slett herskarinne, kan Falk og Torp si etymologiske ordbok fortelje. Det ein kanskje ikkje tenker på, er at ordet er hokjønnsforma av \*fraujan, som då tydde herre. Men ein hadde jo t.d. øg karlmaðr og kvennmaðr på gammalnorsk for kvinne og mann. Frøy (Freyr) er då også det manlege motstykket til Frøya (Freya).

Falk og Torp kan elles fortelje at den indogermanske ordstammen som ligg til grunn for desse orda, rett og slett er avleidd av preposisjonen pro, dvs. for. Tydinga blir dermed den første eller den fremste. Kanskje ein skal byrja å ta i bruk igjen fru(e) om kvinnene vi set spesielt stor pris på?

Men kvar blei det av frau opp i det heile? Sidan vi har frau med au, er det ingen grunn til å rekne med at det er ein direkte samanheng med tysk Frau. Det gammalnorske ordet for frau var frauð. Stungen d (ð) fell jo som regel bort på vegen til moderne norsk, viss han då ikkje blei til d. I slekt med frau er også frodig

eller fraudig, og substantivet er frode, som er skum.

No må ein ikkje tenkje på mannsnamnet Frode, for han er den kloke; gammalnorsk fróði. Han luktar helst berre svidd når han tenker for hardt. Men frau treng ikkje nødvendigvis å luktet sidan namnet først og fremst refererer til at frau skummar. Derfor har ein også verbet frode (bokmål: fråde). Det gammalnorske ordet var froða, og substantivet frauð blei rett og slett laga av avlydsform til verbet. Det er elles interessant at frauð var inkjekjønn i gammalnorsk, mens bokmål og nynorsk har hokjønn eller hankjønn som valfrie former – sjølv om inkjønnsforma finst i dialektane.

På engelsk er fraud svindel, og du føler deg kanskje lurt av at frau og Frau liknar på kvarandre. Men her er det frau som skummar fløyten, mens frau berre skummar – men det er nok utan tvil frau som luktar best.

Epilog: Etter at eg var ferdig med denne teksten, nemnde eg for kollegaene mine at eg nettopp hadde skrive om frau. Eg blei veldig overraska då eg skjønte at ingen her i området faktisk hadde hørt ordet frau før, eller visste kva det eventuelt kunne tyde – anna enn at ein tenkte på det tyske Frau. For meg, som for det meste hadde budd i Nord-Noreg og Trøndelag, var det ei ny erfaring at eit så "vanleg" og "viktig" ord med røter i gammalnorsk kunne vere så totalt ukjent i eit område med lange jordbruksstradisjonar. Men når det er sagt, så luktar det no like mykje av møkk som av frau – same shit, som dei seier på sidemålet.

JENS HAUGAN

# Ven

Israel har venne  
Noen arbeide  
organisasjoner.  
politikk og orga  
Fra ulike kanter  
støtten til Israel  
lig. Hovedmålet  
klart: Israel som  
folk trenger ster  
for øvrig. I et M  
en vanviddets n  
diktaturer vil d  
regimer fjerne  
kratiets fyrlykt,  
som folk, fra kan

Arbeiderbeve  
har hatt et næ  
Israels Arbeid  
(Histadrut) i he  
Haakon Lie, Ein  
LO-lede Konra  
sentrale i sam  
årtier.

Venner av  
Arbeiderbevege  
startet i 1981. De  
kontakt- og ven  
uformelt grunn  
mellom de to lan  
eler. Ledere han  
Gunnar Sand, O  
Faremo, og styre  
Engstad.

Medlemmer  
heldige at det  
internett, blir  
(News Review)  
Israels Arbeider  
årlig om situasj  
utsiktene i Mi